



Blir det likevel snart laga ein reguleringsplan for dette området?

**Går det likevel mot ei løysing i den problematiske prosessen mot ein reguleringsplan for Rabben Feriesenter, Øyro Marina/Camping og nærliggjande område?**

Verksemdsleiar Tormod Fossheim ga eit relativt positivt svar då Egil Heimvik (Frp) ba om ein statusrapport under møtet i forvaltningskomiteen onsdag.

Arbeidet med å laga ein reguleringsplan har vore vanskeleg og firma Tufteland, som har hatt jobben, har tidlegare meldt frå om at det "kastar korta".

Fossheim opplyser til uskedalen.no at Rabben Feriesenter for eitpar veker siden ba om eit møte med kommunen og der var Tufteland med. Konklusjonen på møtet vart at Tufteland er viljug til å vurdera om dei skal halda fram med jobben. Rabben har på si side lova å søkja kontakt med Øyro med sikte på å få til eit samarbeid.

- Dette kan nok ta litt tid, alt er avheng av at partane er viljuge til å samarbeide og koma fram til ei minneleg ordning, sa Fossheim til komiteen.

Av Ola Matti Mathisen